



Til Samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen
Samferdselsdepartementet
postmottak@sd.dep.no

KYSTVEGEN ÅLESUND – BERGEN SOM RIKSVEG

VURDERING AV KYSTVEGEN ETTER GJELDENE KRITERIER FOR KLASSIFISERING AV RIKSVEG.

Organisasjonen Kystvegen Ålesund – Bergen er eit samarbeid mellom alle kystkommunane i nemnde område, inkludert dei to store byane. Føremålet er å få etablert ein veg av god standard langs kysten på denne strekninga, der E39 går gjennom indre fjordstrøk. Vi er glade for at Samferdselsdepartementet har teke initiativ til å vurdere fylkesveger som kan vere aktuelle å omklassifisere til riksvegar.

I vedlegg 2 til brev av 14.10 frå SVV Region Vest til 3 fylkeskommunar vert det synt til 5 konkrete kriteria for klassifisering av riksveg. Det er også synt til tilleggsinformasjon som seier at «større veger med sterke næringsinteresser kan vurderes overført til staten som del av denne vurderingen».

Kystvegen Ålesund – Bergen går gjennom tre fylke. Det kan sjå ut som om fylkeskommunane i sine tilbakemeldingar til Vegvesenet ikkje har vurdert Kystvegen som ein samanhengande veg frå Bergen til Ålesund, men har, i den grad dei har gjort slike vurderingar, kvar for seg berre sett på sin parsell av Kystvegen. Dette illustrerer kor lite føremålstenleg det er at Kystvegen mellom Ålesund og Bergen er fylkesvegar i tre fylke. I Hordaland er Kystvegen FV57. I Møre og Romsdal FV61. I Sogn og Fjordane består den av fleire vegnr. Fylkesrådmannen i SFj peikar i si saksutgreiing på at Kystvegen ikkje er ein samanhengande veg i det fylket, men er samansett av fleire fylkesvegrn. I 2010 tok vi opp med fylkeskommunane om få eit felles vegnr på heile strekninga frå Bergen til Ålesund. Vi fekk svar frå Sogn og Fjordane om at dette var vanskeleg å gjere no, men at ein ville komme tilbake til saka. Det ventar vi framleis på. For å vurdere om Kystvegen høver med kriteria for riksveg, må ein sjølvsagt vurdere heile vegen og ikkje stykke for stykke.

Vi registrerer at fylkeskommunane i sine svar har lagt vekt på andre forhold enn dei kriteria som departementet har sagt skal gjelde. Vi tillet oss difor å bidra med ei kort vurdering av kystvegen Ålesund – Bergen i forhold til «Gjeldene kriterier for klassifisering av riksveg.»:

1. Stamvegnettet. (gjeld ikkje lenger).
2. **Tilknyting til nasjonale knutepunkt.** Kystvegen er tilførselsveg til
 - a 5 stamnettshamner: Bergen, Mongstad, Florø, Måløy og Ålesund; og fleire viktige hamner som ikkje er stamnettshamn som Fosnavåg, Åheim, Bremanger og Sløvåg. Viktige terminalanlegg for transport til oljefelt: Fjordbase i Florø og Mongstadbase på Mongstad.
 - b Kystvegen er tilførselsveg frå heile kystregionen til jernbaneterminal i Bergen.



c Kystvegen er tilførselsveg til nasjonale lufthamner i Bergen og Ålesund, til regional lufthavn i Florø (ca 200.000 pax/år) og helikopterterminal for transport til oljefelt i havet: Flesland og Florø. Flesland og Vigra har også internasjonal trafikk.

d Kystvegen er tilførselsveg til store kollektivknutepunkt i Bergen og Ålesund. I Florø er Kystvegen tilførselsveg til buss, ekspressbåt, fly, hurtigrute og godsterminal for land og sjøtransport.

3. **Tilførselsveg til store byområder:** Kystvegen er tilknytingsveg til Bergen (275.000 innb.) og Ålesund (ca 50.000 innb.) for ca 20 kommunar i kystregionen mellom Ålesund og Bergen.

4. **Interregionale veger.** Kystvegen går gjennom 3 fylke.

5. Veger som er tilknyttet riksveger i nabolandene. Kystvegen fører ikkje til naboland.

Større veger med sterke næringsinteresser.

Kystvegen går gjennom ein region med stor verdiskaping og knyter to av dei største og viktigaste industrimiljøa i landet, Mongstad/Nordhordland og Ulstein/Hareid/Herøy saman med kvarandre, med kystkommunane mellom dei og med omverda. Her finn ein industri og teknologiske miljø av internasjonal format innanfor oljerelatert industri, miljøteknologi, maritim industri og andre næringar. Ein riksveg av god standard gjennom og mellom disse næringsklyngene vil forsterke dei og skape ringverknader i regionen.

Havbruksnæringa er stor i regionen og leverer fleire hundre tonn laks til marknaden i Europa kvar dag. Denne eksporten er avhengig av transport på därlege fylkesvegar før dei kjem på riksveg. Midt i regionen finn ein industri og fiskeribyane Flora og Måløy og industristaden Svelgen. Avstanden mellom dei er kort, men vegen er därleg og er avhengig av eit ferjesamband med lang seglingslei og därleg frekvens. Industristaden Svelgen ligg ikkje langt frå Florø, men er avhengig av ein därleg fylkesveg som til tider er stengt pga ras. Her produserer Elkem Bremanger silisium metall for verdsmarknaden til bruk mellom anna i solceller og datamaskiner. Därleg og usikker veg til flyplass er ei stor ulempe for Svelgen som industristad. I Leirvik i Hyllestad kommune ligg skipsverftet Havyard Leirvik som i fleire år har bygt avanserte spesialskip for offshoreindustrien over heile verda. Eigar og samarbeidande verksemeld held til i Fosnavåg i nordre del av Kystvegen. Samband mellom disse og med verksemder i Florø, Mongstad eller på Sunnmøre er avhengig av ein därleg kystveg eller lange omvegar på E39. Marknaden for skip til oljenæringa er for tida sterkt svekka. Betre samband til Mongstad, Florø og til søre Sunnmøre kan gi verksemndene betre moglegheiter for omstilling.

Turistnæringa har ikkje utvikla seg like sterkt som andre stader på Vestlandet. Regionen kan tilby mange attraksjonar, men det er ikkje råd å reise langs kysten mellom Bergen og Ålesund pr bil eller buss. Midt i denne kystregionen stikk Førdefjorden ca 6 mil inn i landet og er ei effektiv sperre for nord-sør kommunikasjon på kysten. Her er det verken bru eller ferje og omkjøring tek to timer.

Fylkeskommunen har ingen planar om verken bru eller ferjesamband over denne Førdefjorden, som er det einaste fjordstykket mellom svenske-grensa og Finnmark der det ikkje eingong går ferje.

Frå Bergen til Knarvik og frå Ålesund til Solevåg vegkryss fell Kystvegen saman med E39. Mellom desse punkta forlet E39 kysten og går vidare gjennom indre fjordstrøk. Vedtaket om å endre E39 traseen slik at den fell saman med Kystvegen over Sulesund – Hareid til Garneskrysset i Ulstein bør snarast setjast i verk. Medlemsbedriftene i Maritim Forening Søre Sunnmøre og Maritim



Forening Sogn og Fjordane peikar på samferdsle og infrastruktur som ein av dei viktigaste, eller den viktigaste føresetnaden for å kunne utvikle seg vidare. Kystvegen vil legge til forholda rette for ein rasjonell kommunestruktur og for optimalisering av infrastruktur som flyplass, hamner osv.

Vi er glade for at Møre og Romsdal fylkeskommune har svara på oppgåva ved å føreslå konkrete vegar for omklassifisering, mellom dei FV61 som er Kystvegen i Møre og Romsdal. Vi er litt skuffa over Hordaland og Sogn og Fjordane som heller stiller spørsmål ved prosessen og om tidspunktet. Norhordland Regionråd har ved fleire høve gjort framlegg om riksvegstatus for FV57 frå Bergen til Mongstad, som er Kystvegen gjennom Hordaland, og har i innspel til fylkeskommunen tilrådd at dette blir teke opp no. Sogn og Fjordane seier rett nok at Kystvegen kunne vere aktuell som riksveg, men ser heller at staten løyver øyremerka midlar til fylkeskommunane. Sogn og Fjordane peikar på at dei no er i gang med ei «overordna utgreiing» om kystvegen frå Flora til Hordaland grense. Vi føreset at dette arbeidet vert ferdigstilt og at første etappe på Kystvegen mellom Florø og Måløy, tunnelen Svelgen – Indrehus, som fylkeskommunen har prioritert, vert gjennomført snarast råd, gjerne med statleg medverknad. 6 av 9 kystkommunar i Sogn og Fjordane har vedteke eigne fråsegner der dei støttar kravet om at Kystvegen blir riksveg.

Vi tvilar ikkje på at fylkeskommunane har gode intensjonar, men vi kan ikkje sjå at dei i løpet av rimeleg tid er i stand til å skaffe kystregionen ein tidsmessig infrastruktur i tillegg andre fylkesvegar som har behov for opprusting og krev prioritet. Vi vonar at informasjonen ovanfor syner at Kystvegen bør bli riksveg og bed om at Kystvegen Ålesund – Bergen vert omklassifisert og teken opp i NTP 2018 - 2029. Føresetnaden er sjølv sagt at det blir løyvd midlar til realisering.

Bergen 27.november 2015

Styret i Kystvegen Ålesund – Bergen

Bengt Solheim-Olsen
styreleiar

Anders Riise

Arve Helle

Asle Wingsternes

Dag Vaagen

Karl Vidar Førde

Karl Vidar Førde

Karstein Totland

Lars Hellandsjø

Eivind Hjellum
prosj.leiar

Kopi til:

Statens Vegvesen - Vegdirektoratet, Region Vest og Region Midt.
Hordaland – Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylkeskommunar.
Kystkommunane frå Bergen til Ålesund
Næringsorganisasjonar.